



Valle kommune
Gjestfri for nye tankar

RETNINGSLINER FOR ENØK-TILSKOT NÆRINGSDRVANDE OG FORENINGAR/LAG I VALLE KOMMUNE

Vedteke av formannskapet den 24.04.2024 i sak 34/2024
Gjeldande frå 24.04.2024

1. Enøk-tilskot og føremål.

Kommunestyret avgjer storleiken på ramme for ENØK-tilskot i årelege budsjettvedtak. Tildelinga av godkjente søknadar fordelast innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramma for ordninga. Føremålet er å styrke innsatsen for økt energieffektivisering i Valle kommune og for å oppfylle kommunen sine til ei kvar tid gjeldande næringspolitiske målsettingar slik desse er uttrykt i kommuneplan og økonomiplan. Ein skal primært gje tilskot til tiltak som ENOVA tilrår. Før det er søkt om ENØK-tilskot frå Valle kommune skal alle andre sentrale eller regionale støtteordningar vere forsøkt/vurdert. Ei bedrift vil ikkje kunne få støtte gjennom lokal ordning dersom ein har fått innvilga minimum 30% av kostnadene frå anna støtte til same tiltak. Er det søkt og motteke støtte frå anna støtteordning for tiltaket som er lågare enn 30% av kostnadene, kan verksemda søkja kommunen om tilskot på differansen mellom innvilga støtte og opp til 30% av kostnadene for prosjektet. Kommunen forbeheld seg retten til å avslå søknader som ikkje inneholder nødvendig informasjon og/eller søknader som ikkje tilfredsstill krava i ordninga. Tildeling av godkjente søknader fordelast innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramma for ordninga. Dersom den økonomisk ramma ikkje er tilstrekkeleg vil dei seinaste mottatte søknadene automatisk bli overført til neste søknadsrunde med etterhald om vidareføring / ny ramme. Verksemda kan kunn motta støtte til det enkelte tiltaket ei gang. Tilskot blir gitt som bagatellmessig støtte (de minimis).

2. Oppfølging

Kommunedirektøren er ansvarleg for oppfølging og rapportering.

3. Mynde og klagehandsaming

- Formannskapet får fullmakt til å handsame søknadene.
- Klage på administrativt vedtak skal handsamast i kommunestyret.

4. Søknadsfrist

- Søknad om ENØK-tilskot vert handsama administrativt to gonger i året kvart år. Søknadsfrist er **1. Mai og 1. November**.
- Søknaden skal sendast inn via portalen www.regionalforvaltning.no søknadar som kjem direkte vert sendt i retur.

5. Innhold i søknaden

- Opplysning om søker (prosjeakteigar)
 - Den ansvarlege søkeras namn og organisasjonsnummer.
 - Kven som er kontaktperson og kontaktinformasjon.
- Økonomi
 - Kva tilskotsbeløp det vert søkt om.
 - Budsjett med finansieringsplan
 - For søkerarar som får frådrag for MVA, må alle beløp oppgivast eks. Mva.
 - Om søker på søknadstidspunktet har motteke anna offentleg stønad inneverande år og dei to siste rekneskapsåra jf. Reglane

om offentleg tilskot. Bagatellmessig stønad utgjer 200.000 euro fordelt over tre samanhengande rekneskapsår.

c. Skildring av tiltaket og forventa resultat

- Tiltaket det vert søkt tilskot om med kopier frå tilbod frå leverandør(ar).
- Adresse for tiltak.
- Framdriftsplan.
- Forventa energi og kostnadseffekt av resultatet.
- Eventuelt andre opplysningar som er relevante for søknaden.

6. Vilkår

- a. Verksemda må vera registrert i Brønnøysundregisteret og ha forretningsadresse i Valle kommune.
- b. Foreiningar og lag registrert i Brønnøysundregisteret med adresse i Valle kommune kan søke tilskot.
- c. Tilskot kan gjevast med inntil 30% av kostnadane.
- d. Maksimal støtte pr. verksemde begrenses til Kr. 300 000 pr. søknad.
- e. Tiltak kan det søkjast tilskot for:
 - Solceller/solfangar
 - ◆ Tilskotet dekker inntil 30% av investeringskostnaden. Maksimal støtte per varmepumpe er kr 20 000 inkludert installering. Maksimalt 5 varmepumper per verksemde
 - Luft til luft varmepumper
 - ◆ Tilskotet dekker inntil 30% av investeringskostnaden.
 - ◆ Krav til redusert U-verdi på isolasjon og vindauge før og etter tiltak. Dokumentasjon må vedleggast.
 - ◆ Vil gjelde bygg som er oppført før 1987.
 - ◆ Maksimal støtte er på kr 300.000,- for bygget/verksemda/organisasjonen.
 - Etterisolering og skifte av vindauge
 - ◆ Tilskotet dekker inntil 30% av investeringskostnaden.
 - ◆ Krav til redusert U-verdi på isolasjon og vindauge før og etter tiltak. Dokumentasjon må vedleggast.
 - ◆ Vil gjelde bygg som er oppført før 1987.
 - ◆ Maksimal støtte er på kr 300.000,- for bygget/verksemda/organisasjonen.
 - Innovative energiprojekt
 - ◆ Det kan bli gitt inntil 30% støtte til innovative energiprojekt. Tiltaket vil bli skjønnsmessig vurdert. Maksimal støtte kr 300 000.
 - Anna
 - ◆ Det kan vere fjernvarme, biokjel/flisfyring, ventilasjon med meir.
 - ◆ Klimaeffekten/energieffekten må kome klart fram av søknaden.
 - ◆ Tiltaket vil bli skjønnsmessig vurdert.

- ♦ Tilskotet dekker inntil 30% av investeringskostnaden.
Maksimal støtte på kr 300 000.

- f. Mva-registrert verksemnd får berekna støtte eksklusiv Mva.
- g. Søkjaren (verksemda) skal ha forretningsadresse i Valle kommune.
Den delen av verksemda som naturleg kan skje i Valle kommune, skal vere plassert her.
- h. Arbeidet kan settast i gang når søknaden vart sendt.
- i. Frist for gjennomføring av tiltaket er eit år frå godkjenning av søknaden.
Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført innan fristen, vert vedtaket trekt tilbake. I særskilde tilfelle kan det søkjast om utsett frist.
- j. Eigeninnsats skal ikkje reknast inn i grunnlaget for tilskot.
- k. Tilskot på einskilde tiltak kan ikkje kome i tillegg til anna offentleg støtte, men om det vart søkt og motteke støtte frå anna støtteordning for tiltaket som er lågare enn 30% av kostnadene, kan verksemda søkja kommunen om tilskot på differansen mellom innvilga støtte og opp til 30% av kostnadene for prosjektet.
- l. Det er søkeras ansvar å undersøke med Valle kommune om tiltaket er søknadspliktig og deretter søkje om løyve.

7. Samfinansiering

Før det er søkt om ENØK-tilskot frå Valle kommune, skal alle andre sentrale eller regionale støtteordningar vere forsøkt/vurdert, til dømes ENOVA. Ein viser elles til EØS-reglementet som er gjeldande for tilskotsordninga.

8. Urettmessige opplysninger

Dersom det viser seg at søker bevisst har oppgitt gale opplysningar, kan forholdet bli politimeldt og heile eller delar av tilskotet kan bli kravd tilbake. Kommunen forbeheld seg retten til å avslå søknader som ikkje inneheld nødvendig informasjon og/eller søknader som ikkje tilfredsstill krava i ordninga.

9. Utbetaling

Tilskot vert utbetalt etterskotsvis med:

- kopi av tilbod og rekning
- Bekrefta betalt rekning.
- Ferdigmelding av tiltaket med sluttrapport.
- Godkjente løyvingar frå kommunen dersom tiltaket krev det.